



ÅMLI KOMMUNE

- BYGDA FOR ALLE



Retningslinjer for Åmli ungdomsråd
Vedtatt av kommunestyret 5.9., 31.10.2019 og 18.02.2021

INNHALD:

1	Namn	3
2	Formål	3
3	Representantar	3
4	Nominasjon	3
5	Val	3
6	Konstituering	3
7	Møter	4
8	Saker	4
9	Ungdomsarbeid	4

1 Namn

Åmli Ungdomsråd

2 Formål

- Gi ungdom høve til:
 - Å kome med innspel i saker som vedkjem dei.
 - Å delta i vedtaksprosessar.
- Vere kommunens nærmaste samarbeidsorgan i saker som vedkjem ungdom.

3 Representantar

- Det skal veljast 3 representantar med 1 vara frå 8-10.klasse.
- Det skal veljast 4 representantar med 2 vara frå aldersgruppa 16-18 år.
- Representantane må vere folkeregistrerte i Åmli kommune.

4 Nominasjon

- Åmli ungdomsråd er, saman med sekretæren for Ungdomsrådet, ansvarleg for å få kandidatar til vallista, og for å gjennomføre valet.
- Ungdomsrådet må jobbe aktivt for å få ei jamn fordeling av kvart kjønn.

5 Val

- Representantane blir valde for to år, valperioden følgjer skuleåret. Nytt val gjennomførast i juni. Fyrste møte for nytt ungdomsråd er i september.
- Vallista blir brukt som stemmesetel i 8.-10. trinn. Det skal kryssast av ved 4 namn. Elevar i 8., 9. og 10. klasse stemmer på skulen. Varamedlem blir den som har fjerde flest stemmer i valet.
- Røysteføre og valbare for ungdomstrinnet er elevar i 8, 9 og 10.klasse.
- 4 represntantar med 2 vara frå aldersgruppa 16-18 år veljast med val på rådhuset i Åmli. Røysteføre er i aldersgruppa 16-18 år.

6 Konstituering

- Rådet vel sjølv leiar og nestleiar.
- Leiaren har dobbeltstemme ved stemmelikskap.
- Rådmannen stiller sekretær for Ungdomsrådet.
- Sekretæren for Ungdomsrådet har ansvar for at kvart nytt ungdomsråd får opplæring.

7 Møter

- Ungdomsrådet sine møter er opne og skal kunngjerast.
- Min. 50% av medlemene skal vere til stades for å vere vedtaksføre.
- Kommunen sitt reglement for godtgjersler til kommunale folkevalde gjeld òg for Åmli Ungdomsråd.
- Administrasjonen kallar inn til møte i Ungdomsrådet i tråd med vedteken møteplan.
- Ordføraren og rådmannen har høve til å delta med talerett på møta.
- Eit medlem frå kommunestyret deltek på møta i ungdomsrådet. Deltakinga på møta rullerar på kommunestyret sine medlemar.

8 Saker

- Ungdomsrådet tek opp til behandling saker der barn og unge sine interesser er berørt.
- Ungdomsrådet kan sjølv fremje saker for rette instans.
- Ungdomsrådet er først og fremst ein høyringsinstans. Uttale frå Ungdomsrådet skal tilleggst vekt i saker som vedkjem barn og unge.
- Saksgang: Sekretæren for Ungdomsrådet får orientering om aktuelle saker, og har saman med leiaren for ungdomsrådet ansvaret for å vurdere kva for saker ungdomsrådet skal handsame.
- Leiaren for ungdomsrådet, eller ein annan medlem, kan møte med uttalerett i dei utvala som tek opp saker som ungdomsrådet har hatt til handsaming.
- Leiaren, eller eit anna medlem, har møte- og uttalerett i kommunestyret i alle saker som kan vere av interesse for ungdomsrådet.

Døme på type saker som kan vere av interesse for ungdomsrådet:

Saker	Ansvarleg
Kommuneplan og andre relevante planar	Alle avdelingar
Kommunens årsbudsjett og rekneskap	Rådmannens stab
Kommunale byggsaker som vedkjem barn og unge	Samfunn
Trafikktryggleik, gang- og sykkelveggar	Oppvekst
Skulesaker	Oppvekst
Fritidsaktivitetar/frivillig organisasjonsarbeid	Samfunn
Tilskot til lag og organisasjonar	Samfunn
Innspel og prioritering av spelemiddelsøknader	Samfunn
Miljø- og helseførebyggjande tiltak	Helse og omsorg, Habilitering og ressurs

9 Ungdomsarbeid

- Kulturrådgivar eller den som har ansvar for slike tiltak møter i ungdomsrådet ved behov. Dette kjem utanom det politiske sakskartet.
- Ungdomsrådet kan også på eige initiativ innkalle kulturrådgivar eller den som har ansvar for slike tiltak.